



UNIVERSITETET I OSLO

Det humanistiske fakultet

Publiseringsstrategi for  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN)

---

2012-2015

(Godkjent i Instituttstyret 27.2.2012)

## Bakgrunn

Forskning og publisering tilhører kjerneoppgåvene våre. Gjennom vår forskning og publisering bidreg vi til kunnskapsutvikling. Vi legg dessutan til rette for at forskingsbasert kunnskap blir brukt for å møte viktige samfunnsutfordringar.

Universitetsstyret har i [Årsplan 2011-2013](#) for Universitetet i Oslo (UiO) vedteke at einingar som manglar strategi for publisering skal utvikle dette.<sup>1</sup> Einingar og miljø som har lite volum i publisering, skal prioritere å auke dette. ILNs publiseringsstrategi er forankra i [Årsplan 2011-2013](#) for Det humanistiske fakultet (HF) der det går fram at ein i publiseringsstrategien for institutta, som skal utviklast i løpet av 2012, skal leggje vekt på auka volum der lågt volum er eit problem, og generelt leggje vekt på kvalitet i internasjonalt anerkjende tidsskrift og forlag framfor kvantitet.<sup>2</sup> I årsplanane for UiO og HF blir det lagt vekt på at instituttleiarar skal bringe publisering inn i den jamne dialogen med medarbeidarane. Publiseringsstrategien ved ILN er dessutan forankra i dei overordna måla for ILNs strategiske plan for perioden 2010-2020 ([ILN 2020](#)).<sup>3</sup> Der går det fram at ILN skal setje realistiske og ambisiøse mål for samla forskingspublisering. Ein viktig føresetnad for publisering er samanhengande tid til forskning. Dette er nedfelt i ILNs strategiske plan (ILN 2020, Strategi 26).

Forskingspublisering utgjør ein særskild viktig, om enn relativt liten, del av budsjettet for ILN. Ved innføring av ny finansieringsmodell ved HF per 1.1.2010 er ILN sett i ein krevjande økonomisk situasjon. Med utgangspunkt i ny budsjettmodell, i den såkalla [resultatbaserte omfordelinga](#) (RBO)<sup>4</sup> og i "teljekantsystemet", er det nødvendig å ha eit kontinuerleg fokus på publisering ved ILN. Ifølgje UiOs verksemdsrapportering for 3. tertial i 2010 er dei tilsette ved HF både blant dei mest ikkje-publisierende og dei mest publisierende.<sup>5</sup> Det er derfor viktig å sjå kvar dei tilsette ved ILN plasserer seg i dette biletet.

**Tal publikasjonspoeng ved ILN har auka kvart år sidan Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) tok til for fullt i 2006, og særleg frå 2006 til 2007** (sjå nedanfor). Dette er svært gledeleg. DBHs publiseringstal for 2010 viser likevel ein svak nedgang for ILN, men ikkje samla sett på lågare nivå enn i 2008. Talet på publikasjonar på det beste nivået (nivå 2) har likevel auka i 2010. Nedgangen kan derfor kome av at det i gjennomsnitt krev lengre tid å publisere nivå 2-artiklar, noko som kan gå på kostnad av det totale talet nivå 1-artiklar. Svingingar i volum frå eitt år til eit anna kan også vere tilfeldig. Det er derfor for tidleg å seie om vi vil ha ein dalande tendens over

---

<sup>1</sup>[http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/okonomi/plan\\_styring/prioriteringer-og-utarbeidelse-av-aarsplan/Endelig%20dokument\(2\).pdf](http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/okonomi/plan_styring/prioriteringer-og-utarbeidelse-av-aarsplan/Endelig%20dokument(2).pdf)

<sup>2</sup> [http://www.hf.uio.no/om/strategi/arsplaner-rapporter/aarsplan\\_2011-2013\\_vedtatt.pdf](http://www.hf.uio.no/om/strategi/arsplaner-rapporter/aarsplan_2011-2013_vedtatt.pdf)

<sup>3</sup> <http://www.hf.uio.no/iln/om/strategi/strategisk-plan-iln-2020-bokmaal.pdf>

<sup>4</sup> [http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/UH/St.prp%201/Orientering\\_UH\\_2012\\_endelig\\_version.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/UH/St.prp%201/Orientering_UH_2012_endelig_version.pdf)

<sup>5</sup>[http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/okonomi/plan\\_styring/virksomhetsrapportering/Vedlegg\\_2\\_intern\\_virkrapport\\_3t\\_10\\_styret\\_SAMLET\\_endelig.pdf](http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/okonomi/plan_styring/virksomhetsrapportering/Vedlegg_2_intern_virkrapport_3t_10_styret_SAMLET_endelig.pdf)

tid. På den andre sida er det viktig kontinuerleg å analysere ILNs publiseringsprofil med tanke på å setje realistiske mål for forskingspublisering ut frå talet på vitskaplege stillingar med forskingstid i stillinga. Eit stramt langtidsbudsjet med få eller ingen vitskaplege tilsetjingar kan bidra til ein reduksjon i publiseringsaktivitetet ved ILN over tid.

I DBH er fordelinga av tal publiseringskanalar 80/20 mellom nivå 1 og 2. ILNs publikasjonstal for 2010 for nivå 1 og 2 er nokså likt ei 80/20-fordeling:

**Tabell 1:** Publikasjonstal og nivå for ILN, inkludert Ibsen-senteret i 2009 og 2010 (kjelde: DBH)

År	Tal publikasjonar	Publikasjonspoeng	Del nivå 2 i %
2009	116	161,4	16,3
2010	95	119,7	22,1

**ILN skal leggje vekt på kvalitet i nordiske og internasjonalt anerkjende tidsskrift og forlag. ILN ønskjer å halde oppe eit minimum på 20 % på nivå 2 i strategi-perioden, og skal oppmuntre til ei dreining mot nivå 2-publikasjonar hos enkeltforskarar. ILN skal auke det generelle publiseringsvolumet på instituttet.**

I ILNs publiseringsstrategi gir vi først ei oversikt over publiserings situasjonen ved instituttet i dag, sett opp mot UiO og HF. Vi tek då utgangspunkt i statistikk frå DBH for å sjå på endringar i publikasjonspoeng frå 2006-2010, inkludert publikasjonspoeng per årsverk. Årsverka blir deretter brotne ned på kjønn og på tilsette i førstestillingar med forskingstid i stillinga. Dernest følgjer ILNs strategiar for å oppretthalde og vidareutvikle publiseringsaktiviteten ved instituttet. Strategiane er først og fremst retta mot vitskaplege tilsette med forskingstid i stillinga si, ikkje mot tilsette i undervisningsstillingar eller teknisk-administrativt tilsette. Det er likevel eit mål for ILN å betre utnytte dei gode ressursane som ligg i den delen av staben som har sett av tid til fagleg utvikling i den vitskaplege stillinga si (sjå nedanfor). ILNs publiseringsstrategi ser berre på publisering og ikkje på formidling eller andre aspekt ved dei vitskaplege tilsette sitt virke.


### Situasjon i dag – talmateriale

Ved ILN er det per 1.1.2011 omtrent 150 tilsette, der 67 er fast vitskapleg tilsette. Av desse har 47 forskartid i stillinga. ILN har 24 teknisk-administrativt tilsette, 22 ph.d.-stipendiatar, 7 postdoktorstipendiatar og 25,5 årsverk i forskarstillingar ved det eksternfinansierte prosjektet *Norsk ordbok*. Stipendiatar har 100 % forskingstid, men har ikkje dei same forventningar til teljande publisering på seg som fast vitskaplege


tilsette. 18 av ILNs vitenskapleg tilsette er tilsette i undervisningsstillingar som universitets- og førstelektorar. I desse stillingane er 19 % av tida sett av til fagleg utvikling. Relativt mange ved ILN er fast tilsett i undervisningsstillingar og ingeniørstillingar. Det tyder at tilsette med forskingstid i stillinga må publisere tilsvarende meir for at ILN samla sett skal nå **måtalet ved UiO på 1,3 publikasjonspoeng per fagårsverk.**

I ILNs publiseringstrategi bruker vi to ulike omgrep i skildringa av publiseringspoeng per årsverk: *fagårsverk* og *forskarårsverk*. I tråd med DBHs definisjon blir alle tilsette inkluderte i undervisningsstillingar, forskingsstillingar, formidlingsstillingar og midlertidig tilsette (for eksempel stipendiatar) i termen *fagårsverk*. I termen *forskarårsverk* er inkludert professorar, professor II, førsteamanuensar, postdoktorar, førstelektorar med forskartid i stillinga og forskarar på førstestillingsnivå.

I figurane nedanfor gir vi først ei oversikt over talet på publikasjonspoeng ved UiO, HF og ILN per *fagårsverk* (Figur 1) og per *forskarårsverk* (Figur 2) i perioden 2006-2010.



**Figur 1:** Publikasjonspoeng ved UiO, HF og ILN per fagårsverk 2006-2010 (kjelde: DBH)




**Figur 2:** Publikasjonspoeng ved UiO, HF og ILN per forskarårsverk 2006-2010 (kjelde: DBH)

Av Figur 1 og 2 ser vi at **ILN har hatt ei bratt stigande kurve i talet på publikasjonspoeng særleg frå 2006 til 2007**. Tal poeng i perioden som heilskap ligg litt under talet ved HF per *fagårsverk*. Dette kan forklarast ut frå ILNs stillingsprofil, men forskjellen er liten (2010: UiO: 1,1, HF: 1,2, ILN: 1,0). Ser vi på talet publikasjonspoeng per *forskarårsverk* ved ILN kontra HF (Figur 2), publiserer ILN med unntak av 2006 like mange eller fleire publikasjonspoeng i perioden. I forhold til UiO produserer ILN noko færre publikasjonspoeng per fagårsverk i perioden. Med unntak av 2006 publiserer ILN like mange eller nokre fleire publikasjonspoeng per forskarårsverk. **ILN hevdar seg med andre ord godt med tanke på publiseringsaktivitet samanlikna med andre einingar**. Det er eit mål for ILN å oppretthalde og auke det generelle publiseringsvolumet ved instituttet.

### Publikasjonstype


I Figur 3 gir vi ei oversikt over nivå 2-publikasjonar per forskarårsverk ved UiO, HF og ILN i perioden 2006-2010.



**Figur 3:** Nivå 2-publikasjonspoeng per forskarårsverk ved UiO, HF og ILN 2006-2010 (kjelde: DBH)

Med unntak av 2006, produserer ILN per forskarårsverk omtrent like mange eller fleire nivå 2-publikasjonar som HF. Figur 3 viser at talet på nivå 2-publikasjoner er høgare ved UiO samla sett enn både ved HF og ILN. **Dette indikerer at nivå 2-publikasjonar kan aukast både ved ILN og HF.**

Tilsette ved ILN publiserer både monografiar, antologi- og tidsskriftsartiklar slik det går fram av Figur 4 nedanfor.



**Figur 4:** Fordeling etter publikasjonstype ved ILN i perioden 2005-2010 (kjelde: DBH)

Av Figur 4 ser vi at delen tidsskriftartiklar har auka mykje i perioden 2005-2010. Med tanke på volum er dette ei gledeleg utvikling sidan tidsskriftartiklar, og særleg på nivå 2, gir større utteljing. Dette ser ikkje ut til å ha gått på kostnad av monografien, som også gir relativt mange publikasjonspoeng. I Tabell 2 nedanfor gir vi ei oversikt over kor mange publikasjonspoeng ein får per publikasjonstype:

**Tabell 2:** *Publikasjonspoeng per publikasjonstype*

Nivå	1	2
Antologiartikkel	0,7 poeng	1 poeng
Periodikaartikkel	1 poeng	3 poeng
Monografi	5 poeng	8 poeng

### Publisering og kjønn


Ved ILN er det totalt tilsett fleire kvinner enn menn. Samla sett publiserer menn meir enn kvinner. Ser ein på publisering ut frå stillingskategori, er det likevel relativt små forskjellar. DBH fører ikkje oversikt over fordeling over publisering etter stillingskategori, kjønn og nivå, men kvinner stod i følgje DBH for over halvparten av publikasjonspoenga ved ILN i 2010 (55 %). Ein meir detaljert analyse ved ILN viser også at det i førstestillingar er små forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld publisering på nivå 2. (Her er tilsette i *Norsk ordbok* haldne utanom sidan *Norsk ordbok* kjem ut på Samlaget som er på nivå 1). I 2008 hadde kvinnene 33 % av publikasjonane på nivå 2, mens mennene hadde 26 %. I 2009 var forholdet omvendt: Mennene hadde 31 % publikasjonar på nivå 2, mens kvinnene hadde 26 %. **Det er med andre ord ingen grunnar til å tru at kvinner i førstestillingar ved ILN i mindre grad enn menn publiserer på nivå 2.**

### Kven publiserer?

HF's lister over publikasjonspoeng ved ILN viser at dei aller fleste tilsette med forskartid i stillinga publiserer jamleg. **Det er med andre ord svært få ved ILN som ikkje publiserer over tid.** Det er vi glade for. Det er dessutan sjølv sagt at publiseringstakta hos den enkelte varierer frå år til år. Det er likevel potensial for å auke det generelle publiseringsvolumet ved ILN, og stimulere enkeltforskarar til ei dreining mot nivå 2-utgivingar.

## Publisering og språk

ILN skal oppmuntre til parallellspråkleg publisering, på norsk (skandinavisk) og på internasjonale språk (som engelsk) (ILN 2020, Strategi 2). ILN har som institutt blant anna innanfor skandinavistikk, eit særskilt ansvar for å publisere på norsk. ILNs mål om parallellspråklegheit blir reflektert slik det går fram av Figur 5 nedanfor i publiseringsprofilen for instituttet.



**Figur 5:** Publikasjonspoeng fordelt på nivå 1 og 2 etter språk ved ILN i perioden 2005-2010

Figur 5 viser at vi publiserer først og fremst på norsk, særleg på nivå 1, men også på nivå 2. Delen publikasjonar på engelsk på nivå 2 har auka mykje i perioden 2005-2010. Dette er gledeleg med tanke på UiOs, HFs og ILNs mål om å vinne terreng internasjonalt. Publisering på engelsk kan ha gått på kostnad av publisering på norsk (jf. nedgangen i 2010), men samtidig ser vi at delen publikasjonar på norsk på nivå 2 har stige i løpet av perioden. Vi varetek med andre ord målet vårt om parallellspråklegheit. For at ILN skal leggje vekt på kvalitet i internasjonalt anerkjente tidsskrift og forlag, skal ILN stimulere til auka publisering på det språket som har breiast nedslagsfelt internasjonalt, nemleg engelsk. Samtidig skal vi stimulere til auka publisering på norsk (og svensk/dansk) med tanke på eigenarten ved skandinavistikken og for å vinne terreng i ein nordisk samanheng.



## ILNs publiseringsstrategiar

Publiseringsvolumet ved ILN har altså auka mykje sidan 2006. Det er sett i gang tiltak ved ILN for å stimulere forskarane si publiseringstakt og profil. Danninga av forskargrupper er eitt av fleire tidlegare tiltak som kan ha medverka til betre samarbeid, samskriving, lesing av kvarandre sine papers og artiklar. ILNs forskingskomité har løyvt pengar etter søknader til skriveseminar, støtte til korrekturlesing, engelsk språkvask (særleg av avhandlingar), støtte til workshop og nettverksmøte som har stimulert nordisk og internasjonalt samarbeid som igjen har munna ut i publikasjonar. ILN har også sørgd for å ha eit fokus på sjølve "teljekantsystemet" gjennom kontinuerleg informasjon og brukarstøtte. ILN har søkt å dreie publikasjonsprofilen hos dei tilsette frå ikkje-teljande til teljande tidsskrift og forlag, og bidrege med påminning om og støtte til registrering i forskingsdokumentasjonssystemet FRIDA, no CRISTIN. [Dei nye retningslinjene for tildeling av forskningstermin](#), det vil seie at ein normalt skal ha produsert minst 4,2 publikasjonspoeng over dei siste seks åra for å kunne søkje forskningstermin, har medverka til å auke medvitet om registrering i CRISTIN.<sup>6</sup> Tildeling av "småforskmidlar" på basis av publikasjonspoeng har vore ei sær sær viktig forskingsstøtte som igjen kan ha medverka til auka publisering. ILN feirar dessutan jamleg publikasjonane frå dei tilsette i fellesskap i fellesrom. Det er framleis rom for å bli betre. ILNs publiseringsstrategi kan delast inn i desse overordna kategoriane: Insentiv, forskingsstøtte, synleggjering, seminar, kurs og kunnskapsdeling.

## I Insentiv

### 1. ILN skal halde fram å stimulere til betre planlegging og bruk av forskningstid

ILN oppdaterer rulleringsplanar for emnetilbod og oversikt over undervisningsforpliktingar for dei enkelte fagmiljøa minimum tre år fram i tid. Dette som eit grunnlag for at vitskaplege tilsette med forskningstid betre kan planleggje forskningstida si.

ILN skal halde fram å leggje til rette for samanhengande tid til forskning gjennom konsentrasjon av undervisninga, emnedeling og høve til forskingsfri.

ILN skal i større grad differensiere forskningstida ut frå den enkeltes forskingsresultat og forskingsambisjonar.

ILN skal halde fram arbeidet med å forbetre rutineane for arbeidstidsrekneskapen for å skape føreseielege forhold og høve til å planleggje forskningstid.

---

<sup>6</sup> Sjå <http://www.hf.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/personal/forskningstermin/>

## **2. ILN skal fremje karrierebyggjande tiltak**

ILN skal vere til hjelp med støtte til opprykkssøknader.

ILN skal oppmuntre til auka publisering hos dei vitskapleg tilsette med avsett tid til fagleg utvikling i den vitskaplege stillinga si (19 %).

## **II Forskingsstøtte**

### **3. ILN skal stimulere publisering på nivå 2 i nordiske og internasjonalt anerkjente tidsskrift og forlag**

ILN skal stimulere publisering på nivå 2 i nordiske og internasjonalt anerkjente tidsskrift og forlag. Dette kan skje i form av søknader om publiseringsstøtte og språkvask til forskingskomiteen.

ILN skal tildele "småforskmidlar" til publisierende forskarar med 2,1 forskingspoeng eller meir dei siste tre åra så lenge midlane eksisterer som eiga løyving. Dersom denne tek slutt, skal ILN vidareføre ei tilsvarande ordning.

Forskingsadministrativ støtte skal aukast ved ILN slik det går fram av ILNs strategiske plan (Strategi 25).

ILN skal stimulere fleire ph.d.-kandidatar til å velje artikkelbasert avhandling, såframt forskningsspørsmåla eignar seg for å bli svart på gjennom artikkelformatet.

ILN skal stimulere til parallellspråkleg publisering gjennom å gi støtte til søknader om språkleg korrektur på andre språk (særleg engelsk) enn norsk bokmål og nynorsk.

ILN skal oppfordre fagtilsette til å søkje og hjelpe dei med å søkje midlar til publisering, korrektur, omsetjing andre stader, som hos NFR, Fritt Ord og andre.

ILN skal opprette ei liste over og kontaktinformasjon til gode språkvaskarar for forskingsverksemda ved ILN.

## **III Synliggjeri**

### **4. ILN skal halde fram arbeidet med å synleggjere publikasjonane frå dei tilsette internt og eksternt**

ILN skal syte for positiv merksemd om nye publikasjonar gjennom å halde fram med den månadlege feiringa. Publikasjonar blir melde inn til informasjonsansvarleg ved ILN som i samarbeid med instituttleiar set opp plan for feiring. Forskingsleiinga ved ILN skal inkluderast i dette.

Informasjonsansvarleg skal i samråd med dei aktuelle fagtilsette, forskingskonsulent og forskingsleiar skape offentleg interesse for aktuelle publikasjonar, blant anna gjennom pressemeldingar.

ILN skal innføre ein publiseringspris der ein legg vekt på kvalitative og kvantitative kriterium.

#### **5. ILN skal halde fram arbeidet med å auke medvitnet hos sine fagtilsette om publikasjonstal og -profil**

ILN skal syte for at den enkeltes publiseringsstatus og utsikter til nye publikasjonar blir bringa inn i medarbeidarsamtalar.

ILN skal ha eit særleg fokus på dei som ikkje publiserer eller publiserer minst, og følgje opp desse spesielt i medarbeidarsamtalane.

ILN skal jamleg informere om publiseringstala og –profilen for instituttet, attåt retningslinjer for å søkje forskningstermin, konsekvensar av og rutinar for CRISTIN-registrering og resultatbasert omfordeling.

#### **6. ILN skal framleis føre oversikter og analysere publikasjonstal og publikasjonsprofil ved instituttet**

#### **7. ILN skal bidra til å auke medvitnet hos leiarar ved HF og UiO om kva som er realistiske måltal for publisering ved ILN**

#### **8. ILN skal ha eit kontinuerleg fokus på sjølve "teljekantsystemet"**

ILN skal syte for kontinuerleg å melde inn aktuelle tidsskrift til DBH på nivå 1.

ILN skal halde fram å gje tilbakemelding til forskingsadministrativ avdeling om korleis forskings- og dokumentasjonsbasen CRISTIN faktisk fungerer.

ILN skal bidra i den komande evalueringa av "teljekantsystemet".

ILN skal gjennom dei nasjonale fagråda opptre aktivt når det gjeld fordelinga mellom publikasjonskanalar på nivå 1 og 2.

#### **IV Seminar, kurs og kunnskapsdeling**

ILN skal tilsetje ein Professor II i eitt år som kan halde seminar, førelesingar og rettleie enkeltforskarar i internasjonal publisering. Midlar er innhenta eksternt og er øyremerkte formålet.

ILN skal oppfordre og stimulere dei fagtilsette til å ta kurs i akademisk engelsk.

ILN skal halde internseminar der fagtilsette med erfaring frå publisering på nivå 2 i nordiske og internasjonalt anerkjente tidsskrift og forlag formidlar erfaringane sine.

ILN skal oppmuntre til kollegial kunnskaps- og erfaringsdeling med tanke på publisering, som for eksempel gjennom ei frivillig mentorordning.